

# Vågå Historielag: Årsmelding 2015

## **Arrangement**

Historielaget har fast arrangement andre onsdagskvelden i kvar måned, men også ein del til andre tider. Av dette har det vore kveldsseto i Jutulheimen ni gonger. Fire av desse var saman med spel- og dansarlaget med tema musikk og utvandring, vokal folkemusikk, Skogumskarane samt folkedrakter. Tema elles har vore gjenstandsregistrering, seterliv, ungdomslagsstemnet i 1965 samt to fotokveldar. Andre arrangement har vore to turar til milorghytta ved Grothovdan, hesjing av torv ved torvstrøhuset, omvisning på Gardsøy og foredrag om altartavla i Vågåkyrkja.

Historielaget har hatt ope hus i buene ved Gjende i samband med Ole Kr. Ødegårds minnetur om Jo Gjende og tok også imot ved grava på Vågå-kyrkjegarden, NRK gjorde opptak. Også andre gonger har buene ved Gjende vore vist fram. Historielaget deltok da den rette skikjelken etter Jo Gjende vart overlevert på Gjendesheim. Historielaget var med som guider på historiske bussturar under Vågådågå.

## **Jutulheimen**

Det er Gudbrandsdalsmusea as som står for drifta av Jutulheimen. Vågå Historielag er aksjeeigar i Gudbrandsdalsmusea as og er aktivt med i planleggjing og drøfting av vedlikehald, drift og utstillingar. Gudbrandsdalsmusea har siste året gjort eit omfattande arbeid med gjenstandsregistrering. Historielaget har i 2015 overteke Gardsøysamlinga frå Vågå kommune, dette er alle gjenstandane frå Gardsøy med unntak av det som er på Vågåheimen og det som er brukt til utsmykning på kommunehuset.

Scena som er flytta opp i tunet vart ferdig. I samband med dette er det utført planering i tunet, og parkeringsplassen er utbeta. Det er utført svært mykje dugnadsarbeid. Ferdig scene vart markert ved at Heidal teaterlag viste Spelet om Jo Gjende, arrangementet var samarbeid mellom Gudbrandsdalsmusea og historielaget. Historielaget har kjøpt inn nye stolar til bruk ved scena. I samband med «Munch-ruta» har historielaget rydda ny stig frå Jutulporten opp til tunet i Jutulheimen.

## **Prestgarden**

Paktarbustaden har vore bortleigd som bustad medan låven og aurbua er bortleigd som lager. Delar av hovudbygningen er utleigd til husflidslaget som har stor aktivitet der, og også har hatt opne arrangement. Låven har vore brukt til enkelte fotoutstillingar. Pipe, peis og bakaromn i eldhuset er ferdigrestaurert. Historielaget har vore i dialog med kommunen og Gudbrandsdalsmusea om utvikling av næringslokala i Ullinsvin til kontor, arkiv og folkemusikkarkiv for Gudbrandsdalsmusea as og var ei tid med i ei forprosjektgruppe nedsett av kommunen for etablering av galleri i låven. Spesiell fokus frå historielaget er å få bygd gjenstandsmagasin. Elles pågår det drøfting med ulike brukarar i Ullinsvin om bruk og restaurering av hovudbygningen, og det har i samband med dette vore mange befaringar med ulike faginstansar.

## ***Prestgardshågein***

*Hagegruppa i historielaget har i året vidareutvikla urtehagen. Ei arbeidsgruppe har ansvar for stell, luking, vatning mm., det er fordelt ansvar for kvar veke. Ny robot-plenklippar har forenkla arbeidet. Det har vore mykje besøk i hagen dette året. Det store arrangementet var da Norsk kulturarv la utdelinga av ærespris 2015 til hagen i Ullinsvin, Dronning Sonja fekk årets pris. Plenklipping i tunet samt raking og rydding både i hagen og tunet er utført på dugnad, og før dronningbesøket var det stor dugnad for å få alt i best mogleg stand.*

## ***Laget ellers***

*Frå årsmøtet 11. mars 2015 har styre vore dette:*

*styreleiar Knut Raastad, nestleiar Dag Aasheim*

*styremedlemmar, Arne R. Strand, Bjula Ulsletten, Even Luseter,*

*varamedlemmar Håkon Ulsand, Reidun Sønsteliien, Harald Sve Bjørndal, Jonny Brenden*

*Det har i året vore fem styremøter, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane.*

*Laget har 410 medlemmar.*

*Historielaget har laga kulturstig ved Mela som vart opna med guida tur med mange frammøtte. Det er Vegard Veierød som har skrivi alle tekstene til Melastigen og Ingolf Hagen står for illustrasjonar, ellers har mange vore med på dugnader.*

*God oppslutning om frivillige medlemspenger gjer utgjeving av årsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er heftet utlagt for salg. Historielaget pyntar gravene til Ivar Kleiven, Trond Eklestuen og Jo Gjende. Innsamla gamle bilete blir utlagt på heimesida vaagaa-historielag.org. Pulløybua er bortleigd som anneks til nabohytta. Nordheradsprosjektet disponerer Flåten. Buene ved Gjende vil kunne lånast ut til historielagsmedlemmar.*

*Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2015.*